

INDUSTRIKONSULENTEN PÅ OSTERØY

Årsmelding 2003 Utkast pr 26.2.04

Våren 2001 starta det 3-årige prosjektet "Nyskaping i småbedriftsmiljø" med eit budsjett på 1,8 mill kr. Dette er eit prosjekt under den strategiske næringsplanen for Hordaland. Osterøy Utvikling er prosjektansvarleg og Industrikonsulenten er prosjektleiar. Industrikonsulenten har i 2003 nytta mykje tid til dette prosjektet.

I 2003 fekk Osterøy-næringslivet berre 1,2 mill kr i **kompensasjon for den auka arbeidsgjevaravgifta**. For 2003 skulle Stortinget ha løyvd ca 10 mill kr. Industrikonsulenten er sekretær for kompensasjonsstyret som har engasjert seg sterkt for å få "full" kompensasjon. Styret har klart å forvalte innvilga midlar godt. Mykje av pengebruken utløyser vesentleg med andre midlar. I 2003 vart arbeidet med utbetringar av endå ei strekning på riksveg 567 mellom Hosanger og Tysse fullført, likeeins utbetringar mellom Lonevåg og Hatland.

Talet på **nye oppdrag** var på same nivå som dei siste åra; 50 (2002;62). Talet på **etablerings-oppdrag** var på same høge nivå; 33 (38). Desse nye etablerings-oppdraga har resultert i **ca 15 ny verksemder**. I dette talet er ikkje rekna med nyetableringar i 2003 i samband med oppdrag som er registrerte året før/ tidlegare år.

I 2003 arbeidde industrikonsulenten full stilling med kombinert løn frå Industrikonsulenten/Osterøy Utvikling (formelt er stillinga på 50%). Året før var stillingsprosenten ca 90.

Industrikonsulenten er **sekretær for Osterøy Industrilag**. Industrilaget har hatt mykje fokus på kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift, samferdsle/ ny veg mellom Hauge og Lonevåg og å få tilbake barvegsstrategi mellom Lonevåg og Tysse og mellom Lonevåg og Flatevad. Sjå eiga årsmelding.

Kommunen har gitt tilskott til Industrikonsulentverksemda også for 2003. Kommunen held kontor til Industrikonsulenten.

Me får tilskott på kr 20.000 frå **Hordland fylkeskommune** via **Osterfjord Nærings-samarbeid** til næringsutviklingsarbeid.

Forutan ein del oppdrag frå året før som det har vore arbeidd vidare med, har Industrikonsulenten altså fått **50 nye oppdrag i 2003**. Dette er både reine kontakt- og informasjonsformidlingsoppdrag og oppdrag der konsulenten har gjort ein "jobb" for verksemda. Omfanget av oppdraga varierer frå oppdrag som vert løyste pr telefon til det største etableringsoppdraget (gjennom prosjektet "Nyskaping i småbedriftsmiljø") som var på 450 timar.

Oppdraga var fordelte slik:

| | 2002 | 2003 |
|--------------------------------------|-----------|-----------|
| Nye etableringsoppdrag | 38 | 33 |
| Nye oppdrag for etablerte verksemder | 24 | 17 |
| SUM | 62 | 50 |

I tillegg til det som er registrert som "oppdrag", kjem ei rekkje kontaktar med verksemdene gjennom sekretærfunksjonen for Industrilaget og gjennom prosjektarbeid, t.d. "Nyskaping i småbedriftsmiljø" og kompensasjonsmidlane.

For dei fleste av etableringsoppdraga var ønsket om å ha ein "samtalepartner" utgangspunktet for kontakten. Von om gunstig "finansiering/tilskott" var utgangspunkt for ein del. Det at det finst tilskottsordningar, er eit hjelpemiddel til å kome i kontakt med oppdragsgjevarane. Sjølv om det er svært få som oppnår å få tilskott av noko omfang, lukkast me i å få 2 bra SND etablerarstipend i samband med bioenergiprojekt. Døme på breidda i tema som bakgrunn for kontakten er vist i siste del av årsmeldinga.

Følgjande oppstilling syner korleis oppdraga er fordelte med omsyn til storleik på verksemdene:

| Tilsette | Tal oppdrag |
|--------------|-------------|
| Nyetablering | 33 |
| 1-4 | 10 |
| 5-9 | 0 |
| 10-19 | 2 |
| 20-49 | 2 |
| 50-100 | 3 |
| SUM | 50 |

Fordelinga er godt i tråd med målet om å prioritere dei minste verksemdene.

OPPDRAG

94 % av oppdraga er komne i stand etter direkte initiativ frå kunden. Dette inneber at det er kundane sjølve som i stor grad finn fram til og spør etter hjelp frå Industrikonsulenten. Kva oppdrag Industrikonsulenten arbeider med, vert i stor grad styrd av dette. Ved 86% av oppdraga var første kontakt pr telefon. Oppdraga har vore frå 49 (58) ulike etablerarar / verksemdar. For 1 verksemd er det handsama 2 oppdrag.

Oppdraga for **eksisterande verksemdar** bransjefordelt:

| | |
|-------------------|-----------|
| Mekanisk industri | 3 |
| Anna industri | 4 |
| Tenester | 5 |
| Bygg og anlegg | 3 |
| Andre bransjar | 2 |
| SUM | 17 |

Etableringsoppdraga bransjefordelt:

| | |
|---------------------------|-----------|
| Ulike former for tenester | 14 |
| Handel | 7 |
| Produktutvikling | 3 |
| Bygg og anlegg | 2 |
| Anna | 7 |
| SUM | 33 |

Det er vanskeleg å seie kor mange verksemdar det vert av desse etablerings-sakene, mange etableringar skjer over tid, men allereie dreier det seg om ca 15 verksemdar.

ANDRE SAKER INDUSTRIKONSULENTEN HAR ARBEIDD MED

Forutan å vera **sekretær for Osterøy Industrilag** (sjå eiga årsmelding) har Industrikonsulenten arbeidd med mellom anna følgjande oppgåver av meir generell karakter for Osterøy-næringslivet;

* Som nemnt i innleiinga, fekk Osterøy-næringslivet **kompensasjon for auken i arbeidsgjevaravgifta** frå 1.1.2000 t.o.m. 2003. Industrikonsulenten er sekretær for kompensasjonsstyret på timebasis. Industrikonsulenten har delteke aktivt i det politiske arbeidet for at dei 14 kommunane som fekk auka arbeidsgjevaravgift frå 2000 skulle komme med i overgangsordninga frå 2004 for dei nye kommunane som har fått auka avgift. Dette lukkast ikkje. Kompensasjonsstyret hadde øyremerkt vel 80% av dei forventa midlane til **ny veg mellom Hauge og Lonevåg**. Dette skulle bli ca 23 mill kr. Me står no tilbake med ca 8 mill kr. Reguleringsplanen vart fullført i 2003. Det vert elles vist til årleg statusrapportering frå kompensasjonsstyret.

* Prosjektet **"Nyskaping i småbedriftsmiljø"** starta opp i mai 01. Målet er å gjere Osterøyverksemdene endå meir nyskapande ved å spele på det aktive småbedriftsmiljøet me har. Vidare vert det lagt vekt på formidling av resultat frå dette arbeidet. Osterøy

Utvikling er prosjektansvarleg, Industrikonsulenten prosjektleiar.

Eit program med praktisk leiartrening og auka innovasjonskompetanse er fullført i 2003. Fleire produktutviklingsprosjekt og nye forretningsidear får grundig oppfølging. M.a. har fleire verksemdar fått bistand i samband med skattefunnprosjekt (skattefrådrag for forskning og utvikling). Det har m.a. vore arbeid med fleire bioenergi-prosjekt og med produktutvikling i samband med vakuumpoalett. Prosjektet skal fullførast i 2004. Totalbudsjettet er på 1,8 mill kr.

* Det er gjennomført ein **etablerarverkstad** og eitt **etablerarkurs** i regi av Osterfjord Nærings-samarbeid i 2003.

* Osterøy er med i prosjektet **"Nærinett"** (www.narinett.no) som inngår i den strategiske næringsplanen for Hordaland. Osterøy folkebok-samling i samarbeid med Industrikonsulenten sender **målretta informasjon pr e-post** til bedrifter på Osterøy via www.narinytt.no Europakontoret i Hordaland fylkeskommune skaffar fram informasjonen. Base for informasjons-utsendinga er bedriftsregisteret www.vestnett.no som biblioteket og Industrikonsulenten skal vedlikehalde.

* Industrikonsulenten er styreprerentant i **Osterøy Utvikling** og har samarbeid med **Osterfjord Reiselivslag**. Samarbeid med andre i regionen er kome i god gjenge gjennom det utvida nærings-samarbeidet i **Osterfjordregionen** som no har Vaksdal Nærings-selskap AS som koordinator. Gjennom dette samarbeidet er det gjennomført eit større prosjekt innan **nyskaping og kompetanseheving i landbruket**. Her har Industrikonsulenten medverka aktivt, m.a. med fagansvar for eit delprosjekt innan **småkraftverk**.

* Industrikonsulenten deltek i **kontaktutvalet skule/næringsliv**. Den årlege utdanningsmessa vart skipa til i Osterøyhallen i haustsemesteret.

MØTE, KURS, FOREDRAG

Forutan møteverksemd mm. i samband med ovan-nemnde kan nemnst;

* Som del av delprosjektet ”Nyskaping i småbedriftsmiljø” om **bioenergi** er det gjennomført 3 studieturar til Danmark, ein til Oslo , ein til Trondheim og ein til Vaksdal og Voss. Det vart og skipa til bioenergidag i Lonevåg. I samband med delprosjekt innan **vakuumtoalett** har industri-konsulenten delteke ved fleire møte på Sunnmøre og i Oslo.

* I samband med **Osterfjord Nærings samarbeid og landbruksprosjektet** har det vore fleire møte og fagsamlingar, mange av dei lokaliserte på Dale. Industri-konsulenten har m.a. delteke ved kursing i rettleiingsteknikken **coaching**.

* Delteke ved evalueringsmøte for **SND** (i Bergen).

* Guiding og orientering for **Rådet for fagopplæring** i samarbeid med Osterøy Utvikling og Osterøy vidaregåande skule.

* Delteke ved **kontormøte** for dei regionale tiltakskontora i Hordaland.

* Guiding og orientering om biogass for avfallsgruppa i **Maskinentreprenørenes forening**.

* Delteke ved kurs/studietur om **småkraftverk**.

* Delteke ved politisk møte i regi av **NHO** ved Fossen AS før valet.

* Delteke ved regionmøte om **Regionalt utviklingsprogram**.

* Foredrag for **styret for Coop Hordaland**.

* Delteke ved **studietur til Thuringen i Tyskland** i regi av Europakontoret i Hordaland fylkeskommune.

* Delteke ved møte i Bergen for dei 14 kommunane som fekk **auka arbeidsgevaravgift**.

STYRINGSUTVAL

Styringsutvalet har hatt følgjande samansetning:

Formann : Lars Magne Bysheim

Willy Helgesen, vara Jorunn Jacobsen

Svein Skulstad, vara Jostein Jacobsen

Ordførar Ove Kleiveland.

DØME PÅ SPØRSMÅL SOM INDUSTRI-KONSULENTEN HAR HANDSAMA I 2003.

- Eg vil gjere hobbyen min om til eiga verksemd. Kva bør eg tenkje på når eg startar eiga bedrift?
- Me vil søkje godkjenning for eit skattefunnprosjekt. Kan du hjelpe oss?
- Me har lokale til leige. Veit du om mogelege leigetakarar?
- Me vil starte import av ved og trenger hjelp til å registrere eit firma.
- Kan me få tilskott dersom me startar eit importfirma?
- Eg kan få stønad gjennom Aetat for etablering av eiga verksemd. Kan du skrive ein næringsfagleg vurdering?

- Kan du hjelpe oss med tekstane til vår nye brosjyre. Me er ikkje heilt nøgde med konsulenten sine veldig kreative innspel.
- Dersom eg tar oppdrag gjennom eiga bedrift som eg hittil har fått som løn, korleis vert det då med skatt, køyregodtgjersle og liknande?
- SND har i dag lansert ei ny tilskottsordning. Me trur det er lurt å vere raskt ute med ein søknad. Kan me klare det i løpet av eit par dagar?
- Eg vurderer å engasjere nokre ungdommar på timebasis. Korleis kan eg gjere dette formelt rett?
- Eg skal leige ut nokre lokale til kontor. Kva formalitetar må då til?
- Korleis kan eg sikre oss eit godt domene på internett?

REKNESKAP 2003

| | Utgifter | Inntekter |
|-----------------------------------|-------------------|-------------------|
| Tilskott frå Osterøy kommune | | 150.000,00 |
| Tilskott via fylket | | 20.000,00 |
| Sekretærgodtgjersle Industrilaget | | 35.000,00 |
| Konsulentonorar | | 186.693,55 |
| Renter | | 10.577,18 |
| | | |
| Løn inkl sos utg* | 138.737,00 | |
| Revisjon | 500,00 | |
| Kontorkostnader | 10.634,15 | |
| Telf/internettgodtgjersle | 2.490,48 | |
| Reise/diett elles | 2.031,00 | |
| Km godtgjersle | 7.377,00 | |
| Gebyr | 500,00 | |
| Tap på fordring | 2.375,00 | |
| Overskott | 237.626,10 | |
| | 402.270,73 | 402.270,73 |
| | | |
| Nordea 31.12.03 | 686.917,19 | |
| Kundefordringar | 7.875,00 | |
| Leverandørgjeld | | 0 |
| Skuldig skattetrekk | | 0 |
| Skuldig arbeidsgj.avg. | | 0 |
| Skuldig mva | | 44.169,00 |
| Eigenkapital | | 650.623,19 |
| | 694.792,19 | 694.792,19 |

* L Mjøs er i tillegg løna direkte frå Osterøy Utvikling for oppgåva som prosjektleiar for ”Nyskaping i småbedriftsmiljø”.

Lonevåg mars 2004

Norodd Helle
revisor

Lars Mjøs
kasserar

INDUSTRIKONSULENTEN PÅ OSTERØY

TIL DI TENESTE

FOR KVEN ?

Alle som driv eller har lyst til å driva næringsverksemd på Osterøy, har høve til å nytta Industrikonsulenten. Verksemda di eller planane dine kan vera frå dei minste til dei største og produksjonen din automatisert eller handverksprega.

KVA SLAG SPØRSMÅL ?

Alle typar spørsmål som har med næringsverksemd å gjera, kan rettast til Industrikonsulenten. Me vil anten kunne svara på dei sjølve eller finna fram til stader der du kan få svar. Alle opplysningar vert handsama fortruleg.

KVA KOSTAR DET ?

Tenestene til Industrikonsulenten er gratis dersom du er nyetablerar eller me treng kort tid for å finna svar på spørsmålet ditt. Dersom spørsmålet ditt krev meir arbeid, må du etter avtale betale ein timepris frå kr 300 til kr 400.

KVEN STÅR BAK ?

Det er Osterøy Industrilag som har teke initiativ til stillinga og tilsett Industrikonsulenten. Osterøy kommune støttar stillinga økonomisk og held kontor og telefon. Industrilaget betaler sekretærgodtgjersle og ein del inntekter kjem frå oppdrag me utfører for næringslivet. Ordføraren er representert i styringsutvalet for verksemda.

KVEN ER ME ?

Lars Mjøs har vore tilsett i deltids-stilling som Industrikonsulent sidan 1982. Han er utdanna sivilingeniør, maskinlina, ved Norges Tekniske Høgskule, no NTNU. Han har vidareutdanning innan undervisning og miljøvern, mellom anna arbeidsmiljøspørsmål.

Han har vore med å skrive boka "Fem små mekaniske verksteder" og boka "Grunnbok i bedriftslære".

Han har 1 års verkstadpraksis frå Nylands Mekaniske Verksted i Oslo før han tok til med utdanninga og han har arbeidd 2 år som skipsvinsjkonstruktør ved BMV, Hordvikneset. Han driv også eiga konsulentverksemd med etableraropplæring som spesialitet.

KORLEIS FÅ TAK I INDUSTRIKONSULENTEN ?

Ring direktenummer 56 19 22 70, faks 56 19 21 01. E-postadressa er; lars.mjøs@osteroyindustrilag.no. Du kan og vitje Industrikonsulenten i "bustaden" ved rådhuset på Hatland. Gi melding i resepsjonen i rådhuset dersom du ikkje får tak i Industrikonsulenten, så kontaktar han deg.

Nærare informasjon finn du på www.osteroyindustrilag.no